

Europaparlamentet 25 - 28. mars: Brexit og formelt vedtak av mykje nytt regelverk

29. mars 2019

- *Støtte til Det europeiske råds vedtak om utsett brexit – viktig å unngå negative effektar for borgarane*
- *Formelt vedtak av mange nye rettsakter inkludert reglar for opphavsrett, elektrisitetstakmarkanden og CO2-utslepp frå bilar. Parlamentet opptatt av å redusere investeringar og insentiv knytt til fossile energikjelder.*
- *Mobilitetspakken med reglar for kabotasje og køyre- og kviletid vart sendt attende til ny komitébehandling*
- *Europaparlamentet ynskjer ei tredobling av studentutvekslingsprogrammet Erasmus+*
- *Kritikk til Malta og Slovenia for manglar ved rettsstaten og til Malta og Kypros for ordningar med gullvisa*
- *Nye prognoser for mandatfordelinga til nytt Europaparlament lagt fram i dag. Dei fleste europeiske partigruppene har nå nominert sine toppkandidatar*
- *Ulike syn i spørsmålet om auka bruk av fleirtalsvedtak på utanriksområdet*

Europaparlamentet møttes til plenumssesjon i Strasbourg denne veka. Parlamentets møtes nå berre to gonger til i plenum (3. – 4. april i Brussel og 15. – 18. april i Strasbourg) i denne mandatperioden. Sesjonen var derfor prega av at Parlamentet gav si formelle tilslutning til ei rekke avtaler med Rådet om nytt regelverk.. Dette omfattar elmarknadsdesign, opphavsrett og utsleppskrav for bilar. Parlamentet tok i fleire samanhengar til orde for endringar som skal redusere investeringane knytt til fossile energikjelder. I tillegg var det også debatt om resultatane frå toppmøtet førre veke. På grunn av mange endringsframlegg vart mobilitetspakken sendt attende til ny komitéhandsaming.

Utsett brexit og andre saker frå det europeiske råd

Både rådsresident Tusk og kommisjonsresident Juncker deltok i [debatt med Europaparlamentet](#) om [konklusjonane frå møtet i det europeiske råd førre veke](#). Tusk la vekt på drøftingane om å styrke den indre marknaden, ikkje minst den digitale marknaden, EUs industripolitikk og behovet for frihandelsavtaler for å sikre rettferdig konkurranse. Han sa EU og Kina både er rivalar og konkurrentar, men kan samarbeide mellom anna om WTO-reform. I debatten var det dei to nye tidsfristane for brexit som fekk mest merksemd. Både sentrum høgre (EPP) og sentrum venstre (S&D) sa det var fornuftig å opne for den utsettinga som vart vedteke og S&D tok til orde for ei ny folkeavrøysting. Også den konservative gruppa (ECR, der det britiske regjeringspartiet er med) sa det var fornuftig med ein klar timeplan, men kritiserte EU for å forsøke å skremme både Storbritannia og andre potensielle exit-land. Fleire av innlegga understreka at innbyggjarane i EU og Storbritannia ikkje må bli skadelidande i den uoversiktlege prosessen.

Mobilitetspakken sendt tilbake til komitébehandling

Plenum i Europaparlamentet skulle etter planen votere over innstillinga til den såkalla mobilitetspakken som omfattar mellom anna reglar for kabotasje og køyre- og kviletid for sjåførar. Det var uvanleg mange endringsframlegg til plenumshandsaminga og [parlamentspresident Tajani sendte derfor saken attende til transportkomiteen](#) for avrøysting der før plenumshandsaming i slutten av neste veke. Samstundes var det demonstrasjonar i Brussel og Strasbourg både for og i mot dei nye reglane. [Euractiv](#) viser til at aust-europeiske sjåførar reagerer mellom anna på eit foreslått krav om at sjåførarar må returnere til heimlandet kvar månad. Andre grupper meiner reglane ikkje blir strenge nok.

Styrka digital opphavsrett

Etter ein lang og opprivande prosess, vedtok [Parlamentet formelt avtalen med Rådet](#) om reform av reglane for opphavsrett på internett. Det har vore omfattande diskusjonar både internt i Parlamentet, mellom medlemslanda i Rådet og mellom Rådet og Parlamentet. Det har vore steile frontar og Europaparlamentarikarar har motteke tusenvis av epostar og også visstnok også drapstrugsmål i løpet av prosessen. Formålet er å sikre betre vern av opphavsretten også for digitalt innhald, men kritikarane har meint dei nye reglane kan hindre yringsfridomen. Parlamentet skriv i si pressemelding at mange av reglane i det endelege vedtaket er utforma nettopp med tanke på sikre yringsfridomen. Kommissær Günther Oettinger bad i etterkant av avrøystinga medlemslanda sørge for rask implementering av dei nye reglane.

Elektrisitetsmarknadsdesign

[Europaparlamentet ga denne veka også si tilslutning](#) til nye reglar for elektrisitetsmarknadsdesign. Avrøystinga denne veka stadfesta den politiske semja med Rådet og reglane er del av den fjerde energimarknadspakken «Rein energi for alle». Dei nye reglane skal mellom anna styrke forbrukarane gjennom smarte målarar, dynamisk prising og ved at det skal bli lettare å skifte leverandør. Samstundes skal subsidiar til kolkraft fasast ut og hindringar for intern kraftoverføring skal reduserast. I tillegg skal det gjennomførast tiltak for å hindre straumutkoplingar.

Mindre plastikk og tilgang til reint vatn

Europaparlamentet vedtok formelt [forbodet mot ei rekke eingongsprodukt av plastikk](#). Forbodet som vil gjelde frå 2021, vil mellom anna omfatte bestikk og sugerøyr. Vedtaket omfattar også nye målsettingar for resirkulering og innsamling av plastikk. Parlamentet vedtok også nye reglar som skal sikre [betre vasskvalitet og auke tilgangen til kranvatn](#) på offentlege plassar og i restaurantar. Dette skal samstundes bidra til å redusere bruken av eingongsflasker i plastikk og vil spare europeiske forbrukarar for utgifter ved kjøp av flaskevatn.

Strengare utsleppskrav til bilar

[Parlamentet vedtok med overveldande fleirtal avtalen med Rådet om strengare utsleppskrav for bilar](#). Semja medfører at utsleppa frå nye bilar skal ned med 37,5 prosent fram til 2030 og for varebilar med 31 prosent i same tidsrom. Produsentar som ikkje når måla må betale ein ekstra miljøavgift. Kommisjonen skal fram til 2023 kome med ei vurdering av om det er aktuelt å bruke inntektene frå denne avgifta til å støtte overgangen til nullutsleppstransport og kompetansetiltak for tilsette i bilindustrien. Europeisk bilindustri har argumentert for at krava er for strenge, medan miljøørsla hevdar krava ikkje er strenge nok til at måla i Paris-avtalen kan nås.

Som oppfølging av dieselgate-skandalen, [ber også Parlamentet](#) i ein ikkje-bindande resolusjon medlemslanda og bilprodusentane om å sørge for at det blir installert reinseteknologi i deiselbilar som alt er på europeiske vegar. Europakommisjonen får kraftige kritikk for at dei berre motvillig og seint har gjeve Parlamentet tilgang til relevant informasjon etter skandalen.

Indikatorar for bærekraftige investeringar

Europaparlamentet ga torsdag si tilslutning til det såkalla taxonomy-framlegget som skal gje eit rammeverk for bærekraftige investeringar i finanssektoren. Mellom anna gjekk Parlamentet inn for at investeringar for å betre effektiviteten i kraftverk basert på fossilt brennstoff ikkje skal bli rekna som miljøvenlege. Også investeringar i karbon-intensive innlåsingseffektar (t.d. gassrørleidningar) vart unntatt. I tillegg til norsk oljenæring har også norsk skognæring har følgd saka nøye fordi enkelte av framlegga ville medføre svært strenge definisjonar av kva som er bærekraftig skogbruk.

Grønare regional- og utjamningspolitikk

Europaparlamentet meiner EUs regional- og utjamningsstøtte bør prioritere smart vekst og grøn økonomi, inkludert sirkulær økonomi og kampen mot klimaendringar. Samstundes meiner Parlamentet at støtte berre unntaksvis bør gå til flyplassar, avfallshandtering og investeringar knytt til fossilt brensel. Mange frå Sentral- og Aust-Europa var skeptiske til å kutte i støtta til prosjekt knytt til fossilt brensel, mellom anna av frykt for auka energikostnadar. Den endelege utforminga av vil bli avgjort i forhandlingar mellom Rådet og Parlamentet etter at det nye Parlamentet er på plass og i samstundes som resten av EUs neste langtidsbudsjett.

Fleire på studentutveksling

[Europaparlamentet tek i sin foreløpige posisjon til orde for å tredoble Erasmus+-programmet](#) for perioden 2021-2027. Auken skal sikre at fleire kan delta i programmet uavhengig av økonomisk, sosial eller kulturell bakgrunn. Dette skal også sikrast gjennom å utnytte synergiane frå andre EU-program. Den endelege utforminga av programmet vil bli forhandla saman med resten av EUs neste langtidsbudsjett.

Manglar ved rettsstaten på Malta og i Slovenia og rapport om skattekriminalitet

Både Malta og Slovenia fekk [kritikk i ein resolusjon knytt til rettsstatsituasjonen](#) i dei to landa.

Kritikken er basert på funna ein granskingsrapport i kjølvatnet av journalistdrap i dei to landa. Resolusjonen viser til at regjeringar i stadig fleire EU-land gjennomfører endringar som svekker maktfordelinga. Parlamentet vedtok også ein [rapport om skattekriminalitet og skattesvik](#) og åtvarar mellom anna mot organisert kvitvasking av russiske pengar i EU. Malta og Kypros blir [kritisert for sine nasjonale ordningar med sal av såkalla gullvisa](#) som medfører rett til statsborgarskap eller permanent busetting basert på at vedkommande investerer i landa.

Slutt på sommartid – men ikkje ennå

[Parlamentet støtta](#) i ei avrøysting Kommisjonenens framlegg om å avvikle den felles europeiske ordninga med sommartid, men dette bør fyrst skje i 2021. Deretter blir det opp til kvart medlemsland om dei vil ha sommartid eller vintertid heile året. Samstundes er Europaparlamentet opptatt av at avviklinga ikkje må forstyrre den indre marknaden.

Europavalet: Mandatfordeling og toppkandidatar

Basert på ei rekkje nasjonale meiningsmålingar la Europaparlamentet i dag fram ei ny [prognose for mandatfordelinga etter valet i mai](#). Sentrum-høgre gruppa (EPP) får med denne prognosen 188 mandat, medan sentrum venstre (S&D) får 142. Den liberale gruppa (ALDE) er tredjestørst med 72 mandat og ytre høgre gruppa ENF 61 mandat. Dei grønne får 51, ytre venstre (GUE/NGL) får 49 mandat, den konservative gruppa (ECR) 53 og ytre høgre gruppa (EFDD) 30. Det er også 52 uavhengige mandat. Fordelinga er basert på at alle nasjonale parti vidarefører den gruppetilknytninga dei har i dag. Parti som ikkje nå er representert i Europaparlamentet, til dømes franske La Republique en Marche, er rekna som uavhengige.

Dei fleste gruppene har nå [presentert sine europeiske toppkandidatar](#). EPP, S&D, ECR har nominert respektivt Manfred Weber, Frans Timmermans og Jan Zahradil. Den grønne gruppa har to toppkandidatar (Ska Keller og Bas Eickhout) og det same har ytre venstre (Violeta Tomić og Nico Cué). Den liberale gruppa (ALDE) presenterte denne veka presenterte denne veka sitt Team Europa med heile 7 personar inkludert nåverande gruppeleiar Guy Verhofstadt, to kommissærar (Magrethe Vestager og Violeta Bulc) og ein tidlegare kommissær (Emma Bonino).

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling

Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no